



●	—	●	—	●	—	●	—	●	—	●	—		8						
●	—	●	—	●	—	●	—	●	—	●	—		7						
●		●		●		●		●		●			6						
●		●		●		●		●		●			5						
●	—	●	—	●	—	●	—	●	—	●	—		4						
●	—	●	—	●	—	●	—	●	—	●	—		3						
●		●		●		●		●		●			2						
●		●		●		●		●		●			1						
20	19	18	17	16	15	14	13	12	11	10	9	8	7	6	5	4	3	2	1



www.hettestrikk.no

Denne oppskrifta er kalla opp etter fugleøya Runde her i heimkomuna mi Herøy.

Oppskrift på halvvanter:

Legg opp 40 m ganske laust.

Strikk etter diagrammet til arbeidet måler ca 10 cm.

Tommelkile:

No skal du sette ein MM (maskemarkør) på kvar side av dei 3 første maskane på omg. Maske nr 1, 2 og 3 i diagrammet. Desse skal verte tommel.

På kvar 4. omg skal du auke 1 m mot høgre før dei 3 maskane og 1 m mot venstre etter dei 3 maskane heilt til du har 17 m mellom MM. Alle dei nye m skal strikkast rett. Det er kun den midterste m på tommelkilen (den løfta masken) som skal fortsette å fylje diagrammet.

Når du er ferdig å auke til tommelkile, setter du tommelmaskane på ein maskewire. Legg opp 3 nye m der kilen var og fortsett å strikke rundt i 5 cm.

Fell av med I-cord slik: Start med å strikke 3 m i første masken. Sett dei 3 tilbake på venstre pinne. *Strikk 2 rett, 2 vridd rett saman, Sett dei 3 M tilbake på venstre pinne* Gjenta *-* ut pinnen.

Med maskesting syr du saman I-corden med møtande I-cord.

Tommel:

Sett maskane frå maskewiren over på pinner og plukk opp 3 m i dei m du la opp, samt 1 m på kvar side av disse. Disse to ekstra m strikker du saman med 1 m frå tommelen for at det ikkje skal verte hol.

Strikk 4 omg rett. Fell av med I-cord.

Plukk opp 40 m i oppleggskanten og fell av disse med I-cord.

Vottar:

Om du heller vil strikke vottar, strikker du partiet etter tommelkilen så lang at det når opp til tuppen på lisjefingeren.

Fell av slik: Sett m på to pinner med 20 m på kvar.

Strikk 1 M, **LLS** (løft 2 m av pinnen som dei skulle strikkast rett. Sett dei vridd tilbake igjen. Strikk dei vridd rett saman).

Strikk etter diagrammet til det gjenstår 3 m på pinnen. Strikk 2 m rett saman, 1 r

Gjer det same på andre pinnen.

Fell slik kvar andre omg. til du har igjen berre 3 m på kvar pinne. Klipp av garnet og drag igjennom resten av maskane.



Lue:

Legg opp 120 m og strikk etter diagrammet til arbeidet måler 6 cm. Strikk 3 omg glattstrikk. På neste omg feller du 4 m jamnt fordelt. Fortsett å strikke rett til glattstrikken måler 6 cm.

Snu arbeidet.

Strikk etter diagrammet igjen men no med berre 116 m på pinnen.

Strikk til partiet etter glattstrikk måler 15 cm.

Fell slik:

Løft dei to første m av samstundes som om dei skulle strikkast rett. Strikk 1 rett. Løft dei to m over den sist strikka = 2 m felt. 1 vrang Gjenta *-* omg ut.

Strikk 1 r , 1 vr i 4 omg

LLS (løft 2 m av pinnen som dei skulle strikkast rett. Sett dei vridd tilbake igjen. Strikk dei vridd rett saman) omg ut.

Strikk 3 omg rett.

Strikk 2 rett saman omg ut.

Klipp av garnet og drag igjennom resten av maskane.



Plukk opp 120 m i oppleggskanten og fell av disse med I-cord. Brett opp kanten og damp lett for å halde den på plass.



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #rundelua og #rundevotter om du vil. Lykke til!

Elisabeth